

Snart 30 000 i inntekt ved Martabu

18.08.2012



**Martabu på Sandakaien har vind i segla framleis og vertinne Jane Haaranes kan lova eitpar tusen til Damevennene i denne opningsøkta, Når ho set punktum neste helg har ho selt for rundt 30000.
Produsentane skal ha 90 prosent.
Resten av dei 10 prosent som er att etter utgifter til straum og anna går til Aktivitetshuset.**

Gjennomsnittleg salssum denne sesongen har lege rundt 4000 kroner pr. dag og Martabu har vore ope 7 dagar så langt.

Bakverket til Marit Langballe har naturleg nok vore den store slagaren og på denne dag har 10 brød gått unna. Ellers har utvalet av varer som stort sett er laga i bygda auka for kvar opningsdag

Nytt sidan sist er retroputar, som er laga av Lene Gjuvsland Skjelnes og som det er selt mange av.(biletet)

I dag var det også spurnad etter ostehøvlane som var populære i fjor men som den lokale produsent ikkje har sett seg i stand til å laga i år.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen